



Dissene ventar på brukarane – og dei kjem på morgonkvisten onsdag! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Heilt fantastisk og ein honnør til Uskedalen som ei god bygd å bu i.
Det er tydeleg at småbarnsforeldre satsar på ei framtid her.
Det fastslår ein glad og optimistisk rektor Marie Elisabeth
Kaldestad framfor skulestarten onsdag.**



Rektor Marie Elisabeth Kaldestad er glad og optimistisk framfor skulestarten (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ho siktar til at elevtalet faktisk aukar med 17 til 120 frå det førre til det nye skuleåret. Auken kan forklarast mellom anna med at 7 gjekk over i u-skulen medan det startar 18 i første klasse. Ein annan årsak er overføring frå Sunde og Rosendal. Uskedalen er med andre ord ein fulldelt skule. To av dei tidlegare Sunde-elevane kjem opprinneleg frå Italia.

Her er fordelingen på klassane: 1.klasse 18, 2. klasse 24, 3. klasse 14, 4.klasse 20, 5. klasse 12, 6. klasse 14, 7. klasse 18.

Også i staben blir det endringar: Aud Jorun Seim kjem inn - i 100 prosent stilling - og Mona Hellvik får 50 prosent stilling medan Maria Larsen får 80 prosent stilling.

-Blir det plassmangel på grunn av auken, rektor Kaldestad?

-Slett ikkje, dette klarar vi utan problem. Men sjølv sagt ser vi fram til renoveringa som skal skje i 2012, seier rektor Kaldestad.

I eit forventningsbrev har ho tidlegare uttrykt at den største utfordringa no blir å oppretthalda same læringsnivå ettersom budsjetttramma ikkje auker.

1. klasse skal møta fram klokka 9,35 onsdag medan frammøtetida for dei øvrige klassane er 8,20.'

Av Ola Matti Mathisen